- Revisor: Marit Jørgensen – På valg for 1 år til 2021
- Valgkomité: Janne Lindgren (leder) (går ut 2020), Arnold Nomme, på valg for 1 år til 2021. Styret får fullmakt til å oppnevne en tredje person til valgkomiteen.

## Styre og tillitsvalgte 2021

- Tor Kjetil Gardåsen – leder, på valg for 1 år til 2022
- Styremedlem: Bjørn Andersson – valgt for 2 år til 2022
- Styremedlem: Frida Sviland – På valg for 2 år til 2023
- Styremedlem: Helge Øverbø – På valg for 2 år til 2023
- Styremedlem Sondre Bratsberg – valgt for 2 år til 2022
- Varamedlem 1: Agnar Waldemarsen – på valg for 1 år til 2022
- Varamedlem 2: Bardur Einarsson – på valg for 1 år til 2022
- Revisor: Nome regnskap ved Marit Jørgensen – På valg for 1 år til 2022
- Valgkomité: Arnold Nomme, på valg for 1 år til 2022. Styret får fullmakt til å oppnevne øvrige medlemmer til valgkomiteen.

For valgkomiteen  
Arnold Nomme

# Kanalhistoriske tilbakeblikk



Rådhusplassen med Høyers hotel, ett av flere store byhoteller fra den tiden kanalen var en viktig transportrute mellom Østlandet og Vestlandet. Foto: Eberh. B. Oppi/Riksantikvaren T161\_01\_0243

## Hotellbyen Skien – midt i reiseruta

Dette postkortet fra Rådhusplassen i Skien er også kanalhistorie. Det viser nemlig ett av de store byhotellene som betjente det betydelige antall reisende, bl.a. med telemarksbåtene. Passasjerertallet fikk et kraftig oppsving da Norsjø-Bandakkanalen ble åpnet i 1892, og frem til Bergensbanens åpning i 1909 var reisen gjennom Telemark og over Haukelifjell den korteste innlands reiserute mellom Kristiania og Bergen. Ville man raskt frem kunne man ta morgentoget til Skien og deretter gå om bord på hurtigrutebåten ved Hjellebrygga, slik at man kunne være på Dalen kl. 10 om aftenen. Da var allerede en lang etappe av reisen mot Vestlandet unnagjort. Men Skien var et trafikknutepunkt hvor også mange reisende overnattet.

Blant de store byhotellene kan foruten Høyers nevnes Grand hotel innerst i Hjellen, Britannia Hotel i Kongens gate 7 og Hotel Royal på hjørnet av Torggaten og Telemarksgaten. Videre lå det en rekke små hoteller og pensjonater utover i Hjellen som alle var innrettet mot reisende med telemarksbåtene. Dette var hotell med navn som Bandak, Heimen, Victoria og flere. Og videre oppover langs kanalen var det større og mindre hoteller på Ulefoss, Dalen og hele veien over fjellet frem til Odda.



Slik som dette så de små losjistedene i Hjellen ut. Foto: Telemark museums bildesamling TGM-B.19838.

## Rykende skorsteiner, gråtøyekledte bønder og tømmerklubb. Telemarksbrygga på Smieøya



Foto: Knud Knudsen. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen UBB-KK-NS-1558 og 1601.

Disse tidsbildene er tatt av bergensfotografen Knud Knudsen i 1875-76 og viser den gamle avgangsbrygga på Smieøya, som ble brukt frem til Hjellebrygga sto ferdig i 1900.

Smieøya hadde en god del bebyggelse fra gammelt av, og der kanalen ble anlagt gikk Langefoss. Midt ute i fossen lå det en øy, og brua over Langefoss gikk over denne øya. På Smieøya etablerte Union Co seg i 1873. Den nå fredete PM 5-bygningen ble oppført etter en brann her i 1881. Kanalen etablerte seg på nordsiden av øya etter et makeskifte med Union.

På bildet som er tatt fra kanalbrua ser vi den gamle

varehallen for båtene og D/S "Amtmand Aall", den første propellbåten i kanalen. Særlig interessant er at bildet er tatt før bybrannen i Skien i 1886 og viser all bebyggelsen utover Hjellen og på Lunde. Mengdene med tømmer til sagbrukene og tresliperiene på Eidet forteller sitt om fløtningens betydning.

Det andre bildet er tatt ned Kanalgaten. Her ligger det lagerhus langs gaten, men dette er før det store kanalhuset med kanalkontor og kanalbestyrerbolig ble bygd i 1881. I Hjellen er det bare strand med små bolighus innenfor. Vi får også et glimt av reisende telemarksbønder i grukufte og langbrok. Fortsatt blir den tradisjonelle drakta brukt ved byreiser.





Foto: Knud Knudsen. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen. UBB-KK-NS-1607.

Litteratur: Norsjø-Skienkanalen. En oversigt over kanalens anlægs- og driftshistorie til 1911. Skien 1913 s. 78ff.

## De første løveidslusene

Dette alderdommelige bildet fra 1875 eller -76 viser nedre del av Løveidkanalen slik den så ut den første tiden. Her ser vi hvordan de første treportene var konstruert etter det sk. riegelsystemet, en type rammekonstruksjon. Lukene var glidelemmer av støpejern med skrueopptrekk, som slusevokterne åpnet og stengte ved hjelp av sveiv. Ti år etter at bildet er tatt, i

årene 1888-90, ble glidelemmene erstattet med luker med spjellkonstruksjon hengslet på midten. Vi ser videre den gamle belysningen langs slusene med lykter på trestolper. Lektrene er dekkete, og den lille vedfyrte slepebåten har stabler av ved oppover skorsteinen. Dette er også lenge før brua over underkanalen, som ble bygd av Union i 1898.



## D/S “Nordsjø” og Ulefoss brygge

“Hvor mange mennesker bor det på Ulefoss?” spurte den reisende damen kaptein Jørn Neset da båten stevnet inn mot Ulefoss brygge. “Nå kommer vi te` brygga, så kan du telle`rom sjæl,” svarte Jørn. Historien forteller litt om den daglige virkeligheten, nemlig at båten var dagens høydepunkt på mange av stedene langs kanalen og noe som forårsaket et nærmest fulltallig oppmøte av alle som bodde på stedet. Vi vet ikke i hvilken anledning bildet er tatt, men det er et musikkorps på båten, og folk er pyntet, så det må være noe ekstra. Etter klesdrakten å dømme kan bildet være fra 1950-årene.

Det andre bildet er av en av lokalbåtene, D/S “Nordsjø”, i Vrangfoss. Disse var kombinerte laste- og passasjerbåter som gikk fra brygge til brygge og tok med seg melkespann, alle slags varer, folk og dyr. Men selv disse hverdagsbåtene var fine båter i flere farger og med dekorative bokstaver.



Foto: Skien-Telemarkens dampskipsselskap arkiv/  
Statsarkivet i Kongsberg 024 og 039.

# Kanalhistoriske tilbakeblikk

---



## Flotte bryggemiljø ved Norsjø

Akkerhaugen og Årnes ligg baa i nærleiken av elver som renn ut i Norsjø. Dette var sentrale stader i kvar sin del av Sauherad. Serleg var Årnes ei brygge med mykje trafikk til både Bø og Seljord. På brygga var det ein stor varehall dit det gjekk skinner med vagger langs brygga, og nærast brygga lå det sementbu.

I vår tid har Årnes brygge vorte ein idyllisk og inspirerende tilhaldsstad for arkitekt og komponist med sine vakre hus, hagar, stakittgjerde og villvin.

Ved Akkerhaugen renn Sauarelva ut i Norsjø og dannar ein elveøyr av lausmassar som elva har frakta med seg.



Fotos: Tor Kjetil Gardåsen

## Det mangfoldige Vrangfoss


Vrangfoss byr på et utall av fotomotiver både for oversiktbilder og nærbilder. Den høye slusemuren ut mot fossen ser en ikke fra båten, og en må helt bort til utsiktspunktet ved kraftstasjonen på den andre sida for å få fullt overblikk over denne imponerende konstruksjonen som gjør det mulig å seile forbi fossen. Og båten i slusa med vannet sprutende fra lukene er alltid et spennende syn, enten en er førstegangsreisende eller garvet kanalturist.



Fotos: Per Harald Hermansen og Bjørn Olav Haukelidsæter

# Kanalhistoriske tilbakeblikk

---



**Vinterstille ved Straumane**

I dag er vinteren er ei roleg tid ved Telemarksvassdraget. Annleis var det tidlegare da båten måtte fram og det måtte brytast råk over vatna. Desse bileta formidlar noko av den stillferdige vinterstemninga i vår tid med vatnet som glid langsamt gjennom Straumane forbi Smedodden og Spjotsodd. Fjella og vatnet ligg stødige og tidlause slik dei alltid har gjort. Det lå fleire husmannsplassar ved Straumane. Dei

hørde under Kviteseid gard og Skarprudgardane. Ei segn fortel om munken Tov, som skal ha budd på plassen Paradis ved Kviteseid kyrkje. Kanskje var han ein av dei fyrste prestane i kyrkja. Smedodden brygge frå 1895 tok trafikken til Vrådal. Brygga har varebu med venterom frå 1923. Spjotsodd var fergestad og brygge for Kviteseid når isen gjorde at båten ikkje kunne kome inn Sundkilen.



*Foto: Tor Kjetil Gardåsen og Per Harald Hermansen*



## Sundkilen bru og Bandakslid

Fotograf Øystein O. Kaasa i Seljord har tatt bildet av Sundkilen bru med plassen Sundet i bakgrunnen. Brua frå 1901 er ei svingbru med runde steinmura kar. Svingbrua gjorde det mogleg for kanalbåtane å segle ut og inn Sundkilen til Kviteseid brygge. I 2003 kom det ny bru, men den gamle står framleis på plass. På bildet ser me landskapet oppover mot Brokefjell. Elles er det opne landskapet med snaut med vegetasjon noko vi merkar oss på slike gamle fotografi frå bygdene.

Brygga i Bandakslid hadde både brygge, varehall og

gjestgjevarstad med fire gjesterom i andre høgda. Den fyrste brygga i Bandakslid vart bygd kring 1860 da vegen til Moland sto ferdig. Det var berre 8 år etter at "St. Olaf" hadde tatt til å gå på vestvatna. Den brygga som er i Bandakslid i dag er frå 1909 med tilbygg frå 1930. I tillegg var det landhandel ved brygga og malmlager for Åmdals verk. På bildet er stilt opp både gigg og trille i vegen som slyngar seg opp bakkane mot Krossli. Bymessige stakittgjerde er plassert så godt det lar seg gjere på steinmurane, og buskar og tre tyder på at det er god vokster her i det lune lendet. Folk på bildet er oppgjevne å vere m.a. Knut T. og Birgitte Midtgarden. Bildet er tatt i 1902.



Fotos: Ø. O. Kaasa, Seljord.  
Kopi i privat eige.

# Nye bryggereglar i fylkestinget i 1919

## “Umsynslaus hard framferd mot dei avsidesliggjande bygder”

Forhandlinger for Telemark fylkesting kan høyrast ut som nokre knuskturre saker. Men desse prenta bøkene er i røynda eit skattkammer av til dels pussige og spektakulære saker frå Telemark frå 1800-talet og framover. Og sidan fylkestinget hadde ansvaret for kanalane, finn vi og mange saker som gjeld dei her.

Av Tor Kjetil Gardåsen

**“... heradstyret hev ei onnor meining um kva som er snarast mogleg enn dei som hev laga bryggereglane”**

I 1919 hadde fylkestinget vedteke nye avgiftssatsar for vare som blei liggande uavhenta på bryggene. Dette førde til at Rauland heradsstyre i 1920 sende fylkestinget ei “fyreteljing” om å endre bryggereglane. “Fyreteljinga” med sitt kvasse og likeframme raulandsmål er ført i pennen av ordførar A. Øygarden:

“Me hev no fenge røynt verknaden av dei nye bryggereglane fylkestinget vedtok i fjor og finn etter denne vår røyndsle grunn til å seia at desse reglane i ymse leider er eit einlistes døme på umsynslaus hard framferd mot dei avsidesliggjande bygder. Difor hev dei vorte alt folk i desse baade til skade og til ein tregamun.”

Det var etter Rauland heradsstyre si meining fleire ting som folk hadde å klage på. For det fyrste var det at varene kunne ligge i 6 dagar utan avgift. Det ville i

praksis seie at dei som budde nær brygga var fritekne for å legge ut noko til løn til ekspeditøren. For det andre tykte ein at dei straffeavgifter som vart pålagde varene etter dei 6 fridagane var sers urimelege. “... heradstyret hev ei onnor meining um kva som er snarast mogleg enn dei som hev laga bryggereglane,” vart det halde fram.


**“tri dagsverk å hente eit lass”**

Heradsstyret påpeika at frå dei delane av Rauland som lå nærast brygga var det tri dagsverk å hente eit lass. Og da ein ikkje kunne reise før ein fekk meldesetel, som tok to à tri dagar for å kome fram, kunne ein ikkje

i noko høve rekke å få fram meir enn eit lass før straffeavgift tok til å kome på. Dessutan var vegane uframkomlege bortimot ein månad kvar år, ettersom høgdeforskjellen på Lårdal og Rauland var seks til åtte hundre meter. Slik var det for dei delane av

bygda som lå best til. “Men for dei sælingarne som bur oppmed Totak og Møsvatn er det endaa mykje verre. Dei hev upptil 70-80 km. lang vegleid aa fara til

**“Men for dei sælingarne som bur oppmed Totak og Møsvatn er det endaa mykje verre.”**



“Fyreteljinga” til fylkestinget frå Rauland heradsstyre om dei vanskelege lagringstilhøva ved bryggene er ført i eit kvasst, men blømande raulandsmål. Den velformulera framstillinga beit likevel ikkje på kanalstyret. Frå Forhandlinger for Telemark fylkesting 1921.

**“Skal bryggereglene forandres, vil tilstanden bli som før, at ingen vil hente sine varer før det passer ham selv.”**



*Det var på bryggene i Lårdal og på Dalen at raulendingane let varene sine ligge alt for lenge etter kanalen si meining. Rauland heradsstyre visa derimot til meinføre og lange avstandar. Foto: Tor Kjetil Gardåsen.*

nærmaste bryggje og for deim er attaat samferdsla heilt stengd lange tider av aaret for skul meinis og vegløyse.” Ikkje hadde dei telefon, og post fekk dei berre ein gong i veka. Mange i Rauland kunne ikkje med si beste vilje hente varene innan 6 dagar, blei det framheva. Dermed fekk avgiften karakteren av ein serskatt for dei som budde lengst unna brygga. “Og hev dette vore fyremålet er det ein skam for fylket,” heitte det harmdirrande.

Straffeavgifta gjekk til avlønning av ekspeditørane, men denne løna burde dei få av alle som hadde nytte av dei. Rettare var det at avgiftene gjekk til åtgjerder for å verje varene mot å take skade den tid dei lå på brygga og venta på eigarmannen sin. Brevet slutta med “Me vonar fylkestinget vil vera so gjevt at det rettar paa dei mishøve me her hev teke oss lov til aa peika paa.”

**“Nu har Rauland liggende 130 sekker og 67 fat Norgessalpeter, som har lagt i over 4 uker.”**

Ein skulle tru at eit slik kraftfullt utspel ville gjere inntrykk på kanalselskapet. Dei la saka fram for dampskipsekspeditor H. Torsen på Dalen, men han kunne på si side framføre dette: “Den 4de september 1919 ankom hertil 150 sekker gjødning. Hele partiet blev liggende i 8 uker før der blev hentet en eneste sekk. Endel laa i 12 uker og endel i 18 uker, og paa den aarstid kan

der ikke klages paa føret.” I eit anna høve kom det 4 tønner sement til ein person i Rauland. Sementen sto der enno til trass for at vedkommande var varsla fleire gonger. “Nu har Rauland liggende 130 sekker og 67 fat Norgessalpeter, som har lagt i over 4 uker.” Fleire døme var det frå Mo og Vinje. “Skal bryggereglene forandres, vil tilstanden bli som før, at ingen vil hente sine varer før det passer ham selv.” I januar og februar 1919 lå det lagra 200 sekkar og mykje anna vare trass i skriving og telefonering. Fyrst da kanalkontoret gjorde kjent at varetransporten ville bli stoppa om ikkje varene blei henta, skjedde det noko.

Saka vart handsama i kanalstyret, som ikkje fann å kunne gjere noko endring i reglane, “idet disse måtte anses nødvendige for å tvinge varemottagerne til å avhente sine varer så snart som mulig.” Ordføraren i Rauland ønskte likevel saka handsama i fylkestinget. Fylkesmann Guttorm Hallager la saka fram for fylkestinget, men heldt seg i si innstilling til det kanalstyret hadde vedteke.

Ein kan i alle fall slå fast at når vesttelemarkingen fyrst har innteki eit standpunkt, er han innstilt på å halde fast ved dette, anten han er bonde eller dampskipsekspeditor.

*Kjelde: Telemark fylkestings forhandlinger for Aaret 1921.*

## Telemarkskanalen

– en del av Vestfold og Telemark padleled

Telemarkskanalen har blitt en del av Norges første sammenhengende padleled. Vestfold og Telemark padleled tilbyr graderte ruter fra Svelvik i nord til Kragerø i sør, og for sesongen 2021 vil turer oppover langs Telemarkskanalen merkes og markedsføres.

Av Birgitte Gulla Løken

Telemarkskanalen regionalpark

På flere av de merkede stedene er det etablert «padlehuker» hvor man kan ta en pause, raste og overnatte. Padlehukene har samme arkitektoniske utforming langs hele leden, men varierer i utforming og størrelse. Det er arkitektfirmaet Biotope som har stått for designet.

Langs kanalen er det foreløpig satt opp padlehuker i Lindiviki i Tokke og på Ågapet i Kviteseid. I Kviteseid er det også en under oppføring i tilknytning til klatrefeltet på Sundenuten. Denne vil få en helt spektakulær utsikt utover kanalen. Før sesongen 2021 vil ytterligere en huk stå idyllisk plassert på Nomesstranda. I tillegg jobbes det med å finansiere en i Valebø. De allerede etablerte soveboksene i de gamle pakkhusene på Fjågesund og Bandakslid vil også inngå på kartet som et sted for padlere.

Prosjektet padleled er igangsatt av fylkeskommunen i Vestfold og Telemark og har som mål at flere skal bruke vannveien til så vel fysisk aktivitet som til tur og rekreasjon. Padlehukene langs kanalen er et spleiselag mellom Telemarkskanalen regionalpark, Gjensidigestiftelsen og frivillige lag og foreninger i hver enkelt kommune.

Det er forventet at flere vil benytte kanalen til padling fremover, og Telemarkskanalen har derfor gjennomført en kartlegging av hva som skal til for at vi skal bli mer tilgjengelige for padlere. Det har resultert i at det før sesongen 2021 vil gjennomføres flere tilretteleggingstiltak spesielt rettet mot padlere.



Padlehuk ved Ågapet. Foto: Dag Jenssen



**Fra sommeren 2020 til våren 2021 foregår det arbeid på Hjellebrygga. Det er Fylkeskommunen som har bevilget penger til prosjektet, i alt 5 millioner. Utførende entreprenør er Trescon AS.**

**Tekst og foto: Håkon Heines, Vedlikeholdsleder, Telemarkskanalen FKF**

Den nordligste delen av Hjellebrygga på 150 meters lengde sto ferdig år 1900. Denne var fundamentert på bunnen ved et tømmerkistefundament med rammer av stokker fylt med stein. Fundamenteringen av denne delen av brygga ble forsterket/sikret på 1980-tallet.

Den søndre delen (den ytre delen) er ca. 57 meter lang og ble påbygd i 1910. Langs ytterkanten er den fundamentert på bærende trepilarer/tredekke. Det er den søndre delen som arbeidet utføres på.

### Kontraksarbeidet

Presentert løsning baserer seg prinsipielt på demontering/posisjonsmerking av bryggefronten bestående av kalksteinsblokker, samt avgraving av løsmasser over pelerastet. Stålkjernepeling utføres gjennom tømmerdekket, og det støpes en betongplate med pelerastet som forskaling for betongplaten. Platen horisontalforankres med skråpel i bakkant. Bryggefronten monteres med de originale blokkene, fortrinnsvis i opprinnelig posisjon.

Løsningen krever at takoverbygg syd må demonteres i sin helhet og siden monteres på nye fundamenter. Enkelte av støpejernsøylene må erstattes med nye. Dette gjelder for begge takoverbyggene. Takoverbygg som er demontert sandblåses og males på nytt før det settes opp.

### Enterprisemodell

Arbeidene utføres som en utførelsesentreprise, der den kontraherte entreprenøren skal knytte til seg de underentreprenører som er nødvendig for å gjennomføre prosjektet. Kontrakten baseres på en NS 3420-beskrivelse, og NS 8405 benyttes som generelle kontraktsbetingelser.

Arbeidet er planlagt ferdig før sesongstart 2021.



## Til Dalen på solenergi

Er du fornøyd med å putre gjennom telemarkskanalen i 2-3 knop, kan du komme fra Skien til Dalen bare ved hjelp av strøm fra solcellepaneler. Canal Boats Telemark har fra 2021 seks elektrisk drevne cabin cruisere for utleie på kanalen og er først ute i verden med sitt konsept. Med ladestrøm fra ladepunkter langs vassdraget kan båtene komme opp i 11 knop.

Men kanskje er 3 knop nok dersom en skal nyte alle kanalens stemninger og herligheter?

## Nettside og nyhetsbrev

Telemarkkanalens venner har fått egen nettside hos Telemarkskanalen. Her ligger det informasjon om styret, årsmeldinger, prosjekter, Slusegløtt m.v. Du finner den på Telemarkskanalen.no under temaet "Om kanalen".

Vi vil også forsøke en ordning med nyhetsbrev til medlemmene på epost. Send en melding med ditt navn og epostadresse til [marit@nomeregnskap.no](mailto:marit@nomeregnskap.no) og skriv Nyhetsbrev.

Frida



Foto: Per Harald Hermansen

## † Minneord om Arvid Sten Kaasa

Av Gunnar Sanden

Arvid Sten Kaasa døde fredelig etter lang tids sjukdom i heimen sin på Høvik i Bærum den 21.10.2020 vel 74 år gammel. Gravferd-seremonien var i Høvik kirke og kista blei ført opp til ein kyrkjegard nær Marka med god utsikt over sjøen. Det var etter hans ønske. Både Marka og sjøen var der han likte seg godt. På Ulefoss var det på same måten. Han hadde hyppige sykkelturner innover Heia og rundt i Landsmarka, og Norsjø og Telemarkskanalen sto hans hjerte nær. Det gjorde også heile Nome og hans kjære Siljeli der han og familien heldt til på Ulefoss med god utsikt over Norsjø. Han var kanskje den største Ulefoss-entusiastasten som fantes, og det sjøl om han budde på Høvik. Han masa på kommunen, han masa på vegvesenet, han masa på mange av oss andre. Og han masa i positiv betydning. Han stilte store krav til forbedringar og åssen det skulle sjå ut på Ulefoss, på Bryggeområdet, langs med Kanalen, på Øvre Verket og ikkje minst for å gjere vegane sikrere for mjuke trafikantar. Eg trur eg blei kjent med Arvid Sten i 2011. Då var eg ein av mange medhjelparar til den store 150 års feiringa av Norsjø-Skien kanalen som han sto i spissen for. Ein stor suksess. Folk valfarta ned på Brygga.

I 2017 fekk han Kanalprisen av Telemarkkanalens Venner for sin utrettelege innsats for Kanalen, bl.a. for den nevnte kanalfeiringa, men ikkje minst for hans arbeid for å få MS «Styrsø», som blei omdøpt til MS «Henrik Ibsen» til å seile på innlandsvatna opp til Dalen. Han såg salgsannonsa i ei avis i Gøteborg og jobba deretter mykje for å få båten til Telemark. Båten har blitt ei "perle" på kanalfarten. Som han skreiv om motorens sakte gange: " Dette gjør passasjerene "rolige i hjerte og gir fred i sinnet". Det er høgst tvilsamt om båten hadde gått på

kanalen uten Arvid Stens medvirkning. Han sto også i bresjen for å få tak i utrangerte fyrlykter. Lykter som nå blinkar langs Kanalvassdraget. Han jobba for å bevare den gamle kanalbåten "Inland". Arvid Sten var initiativtaker til å stifte båtforeninga på Ulefoss som blei Norges største innenlands båtforening. Via Ulefoss Tankesmie, som han leda, blei vannfronten ved Ulefoss rydda for åpne sikten til Norsjø. Dette bare for å ha nevnt noken få ting han tok initiativet til.

Tenk gjerne på Arvid Sten når du ser "Henrik Ibsen" gli forbi, eller når du ser eit blink fra ei fyrlykt. I ein SMS frå han 3.1.19 har sjukdommen tatt tak, men han har mange forslag til vidareutvikling av brygge og gjestehavn. Bl.a. å pynte opp med ei fyrlykt "ved gjestehavna mot Ulefoss brygge". Kanskje det?

Eg snakka i telefonen med Arvid Sten to dagar før han døde. Då var planen hans å ta ein tur til Ulefoss "neste uke". Slik blei det ikkje. Det ville ha gleda han å sett at området mellom gjestehavna og opp til Øvre Verket nå ser ut som ein park. Det ville ha gleda han å høyrte at vannfronten nå blir rydda på nytt. Det ville ha gleda han at fotgjengarovergangen på Krøsset skal bli lyssett og med hump for å redusere farten.

Arvid Sten var av "heil ved" og ein veldig god venn. Ein positiv "masekopp" og ein idemakar både her og i Oslo. Han var heldig å ha kona Birgit og familien rundt seg, spesielt i sjukdomstida. Han var lykkeleg over å ha blitt bestefar til Mathias.

Eg lyser fred over Arvid Stens minne.




# Det stupbratte Høgefjell

Dei fleste turistane lar seg imponere av det stupbratte Høgefjell som reiser seg med sin brattvegg opp frå Flåvatn. Medan ein frå Skien og oppover har segla gjennom rolege bygdelandskap med slake åsar, er Høgefjell det fyrste møtet ein får med den dramatiske telemarksnaturen. Flåvatn liknar meir ein vestlandsfjord med snøklede fjell i enden og bratte lier med furete dalar.

*Av Tor Kjetil Gardåsen*

Vegen som vart bygd langs Flåvatn i 1980-åra gir lett tilgang til dette opplevelsrike landskapet. Tunnellen i Høgefjell går rett inn i den stupbratte fjellsida. Når ein er komen gjennom tunnelen er det mange stoppestader der ein kan nyte natur og utsyn. Det gamle namnet på ein del av Flåvatn er Røyrfjorden. Ordet kjem av det gamalnorske ordet reyrr, som tyder steinrøys. Namnet har det fått av dei mange gravrøyse som ligg på oddar og hausar langsmed vatnet og



*Fotos: Per Harald Hermansen og Tor Kjetil Gardåsen*

som syner ein gravskikk frå bronsealderen og framover der dei avlidne vart hauglagde på synlege stader nær ferdslveggar til lands og til vanns.

Til Høgefjell er knytt segna om tussekviga som skal ha vore så langhalsa at ho kunne stå på toppen av fjellet og drikke av Flåvatn. Ho må da ha hatt ein hals på om lag 340 meter, som er høgda på fjellet over vatnet. Det skal og ha vore vassorm både i Flåvatn og Kviteseidvatnet. Ormen i Flåvatn skal ha blitt hakka i bitar av skovlane til dampbåten "St. Olaf" ein gong dei to råka til å møttest utpå fjorden, fortel segna.

# Test dine kunnskaper om kanalen!

- I** Hva ble den lille grønne båten som ligger ved Lunde sluse brukt til?  
1 Båt som det ble solgt iskrem til båtpassasjerene fra.  
X Fiskebåt brukt i kanalen.  
2 Båt brukt til å dytte sammen tømmerklubber for å lage tømmerlep.
- II** Hva slags stokk er dette?  
1 Fortøyningspåle på brygge.  
X Ende på lensestokk med klave.  
2 Topp på merkestake som markerer seilingsleia.
- III** Hva ble denne haken med langt skaft brukt til?  
1. Å få i land brysomme passasjerer.  
X Å rense slusekammeret for sekketømmer og annet som hadde kommet inn i slusa.  
2 Å henge opp lykter langs kanalen.
- IV** Hva er denne stanga til?  
1 Den beskyttet takrenna mot vaieren på heisebommen på båtene.  
X Dekksmannskapene tok armhevinger i den for å bli sterke nok til å løfte 100 kilosekker.  
2 Til å henge opp en presenning som de dro foran varene på brygga.
- V** Hva er denne luka i muren i overkanalen til?  
1 En lastet matvarer gjennom den direkte inn i byssa på båtene.  
X Den ble åpnet når det var for mye vann i kanalen.  
2 En tok ut isflak som var kommet inn i kanalen.
- VI** Hva ble vognen på skinnene brukt til?  
1 Til å frakte kull til båtene.  
X Det sto en dampmaskin på den som trakk lektere gjennom kanalen.  
2 Til å transportere steinblokker.



## SVAR

**4-6 rette:** Du har god kunnskap om kanalen og bør bruke disse aktivt i Telemarkkanalens venner.  
**2-4 rette:** Du har brukbare kunnskaper om kanalen og bør engasjere deg aktivt i Telemarkkanalens venner for å øke dine kunnskaper enda litt.  
**1-2 rette:** Du har en god start. Du kan bli bedre hvis du engasjerer deg aktivt i Telemarkkanalens venner.

Takk til Birger Bergland som visste hva alt var.

Svar: I, 2, II, X, III, X, IV, 1, V, 2, VI, 2.



## Telemarkkanalens venner har til formål

- å arbeide for fortsatt drift av Telemarkskanalen.
- å arbeide for vern av de minnesmerker, natur- og kulturverdier som ligger til vassdraget og er knyttet til driften av kanalen.
- å stimulere til økt bruk av kanalen og vassdraget i ferie- og rekreasjonssammenheng, for å øke allmennhetens engasjement og kanalens status.

## Bli medlem og støtt arbeidet

Telemarkkanalens venner har rundt 200 medlemmer. For medlemskontingenten får du ett nummer av Slusegløtt, gratis bevertning på årsmøtet og fri eller redusert inngang til møter og arrangementer. I tillegg støtter du de arbeidene foreningen er engasjert i som restaurering av brygger og fløtningsinnretninger, istandsettelse av kanalens hus, parker, tekniske innretninger, fartøyer mm.

## Bli medlem og vær med på arbeidet

Medlemmer har også anledning til å engasjere seg aktivt. Telemarkkanalens venner arbeider med:

- restaurering av slusemesterboligen og parken på Løveid
- etablering av innlands veteranbåthavn ved Løveid og på Ulefoss
- utplassering og vedlikehold av gamle fyrlykter
- restaurering og istandsetting av gamle fløtningsinnretninger (lenser, kar, landfester mm.)
- istandsetting av kanalens gamle mudderapparat ("Mudder'n")
- medlemsbladet Slusegløtt
- foreningens nettside
- medlemsverving

Som aktiv møter du andre medlemmer med samme interesse og med kunnskaper om kanalen og vassdraget.

Telemarkkanalens venner har et nært samarbeid med Telemarkskanalen FKF og Telemarkskanalen regionalpark.



*Løveidslusene i 1875 eller -76. Aust-Telemarksbønder i gråtrøye betrakter kanalen. Som aktiv i Telemarkkanalens venner skal du slippe å skifte sluseporter, men det er mye annet å engasjere seg i. Foto: K. Knudsen, Billedsamlingen ved Universitetsbiblioteket i Bergen UBB-KK-NS-1609.*

**Medlemskontingen for personlig medlem er kr. 200 og bedriftsmedlem kr. 500 pr. år, som betales til bankkonto nr. 2650.11.45725 eller Vippskonto 642658.**